

ÅRSMELDING 2017

for



Hognestad Idrettslag



Årsmøte 2018

Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad Klubbhus
fredag 23. februar kl. 20.00

Sakliste:

1. Godkjenning av dei med røysterett.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar.
3. Val av:
 - a) møteleiar
 - b) referent
 - c) to representantar til å skrive under møteprotokollen.
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Inkomne saker:
7. Kontingent
8. Budsjett
9. Organisasjonsplan (vedlegg)
10. Val

Utdeling av blomar, diverse

Me vil ut over dette minna om NIF si lov ved val/oppnemning sjå
www.idrettsforbundet.no/tema/juss/lovnormer/ §16

Med venleg helsing
Styret

Årsmelding

Rapport frå styret:

Styret har i 2017 hatt denne samansetjinga:

Leiar: Zofia Nedrebø

Nestleiar/trim: John Sægrov Holm

Kasserar: Jan Arild Herredsvela

Sekretær: Beathe Gudmestad Hognestad

Turn: Hege Haugland Byberg

Fotball: Anita Undheim Salte

Styremedlem 1: Håkon Losvik

Styremedlem 2: Jim Helge Lomeland

Vara: Håvard Braut

Hognestad Idrettslag har registrert om lag 400 medlemmer i 2017. Av dei aktive er det mellom anna turnarar og aldersbestemte fotballspelarar. Nokre av ungane er både med i turn og fotball. I tillegg kjem ein solid tropp av fotballspelarar på A-laget, ei stor gruppe damer som trener fotball i hallen ei gong i veka, og innebandytrening for menn. HIL arrangerer og idrettsmerketaking og turmarsjar

Det har vore eit litt annleis, travelt, men godt år. Styret har hatt 8 styremøte og det er bokført 57 saker. Året har vore annleis, mest fordi fotballbanen blei overført til oss frå Time kommune, samt at Klubbhuset blei ferdig til opning 22. april. Dette gjorde at det blei mange fleire arbeidsoppgåver idrettslaget no må famna om, og at det stadig dukkar opp nye spørsmål me må ta stilling til. Det har samtidig gitt oss mange gode opplevingar, nye idear, nye kjennskap og positiv merksemd i blant anna riksdekkande fjernsyn.

Klubbhuset blei opna 22.april, og ordførar Reinert Kverneland klupte den brune og oransje snora i lag med leiar Zofia Nedrebø. Bryne Skulekorps spela til opninga, og ordføraren og Zofia haldt tale. Alle fekk pølser i brød, sponsa av Nortura og Bakehuset. Mange hadde bidrege med lapperøre slik at det blei steikt og delt ut store mengder lapper. Takk til alle som melder seg når me spør om hjelp til ulike gjeremål i samband med arrangement. Eit av dei litt uvanlege bidraga, var då Magne Hognestad laga sjokoladefløyteis ved hjelp av blant anna sementblander og flytande nitrogen. Noko som igjen syner, at når dugnadsfolk får utfalda seg med dei oppgåvene dei mestrer, kan dei villaste ideane og største oppgåvene gjennomførast, sjølv på ein liten stad som Hognestad. Merkedagen 22.april haldt fram med opningsfest inne i Klubbhuset med 100 påmeldte gjester. Føredraget «Kva det eigentleg vil sei å høyra til Hognestad» av Tom Hetland, samt eit inngående skråblikk på «Dugnad gjer oss lukkelegare» av Tor Øyvind Skeiseid, sette kvelden flott i gang. Dette i tillegg til god suppe frå Ekte Matglede-kokken Arne Nese, og musikk frå Flat Fungus, gjorde at det blei ein kveld festkomiteen kan sei seg nøgd med. Takk til alle involverte for innsatsen.

Hognestad-dagen var den 26. august. Det var fotballkampar der dei aldersbestemte laga våre fekk visa seg fram og me delte ut smooties til alle fotballspelarar som var innom. Stemninga var god og det var mykje folk på Hognestad. Dagen vart runda av med Hognestnåttå som i år var inne i klubbhuset. Big Band Bonanza sang og spela, ei perfekt avslutning.

Utanom denne dagen har HIL arrangert sommaravslutning for turnen, fotballavslutningar og Jonsok på stadion. Tidlegare har HIL arrangert pøsepub med åresal og romjulspub med spekemat i Forsamlingshuset. At desse arrangementa no er i Klubbhuset, gjer rom for langt høgare antall deltakarar. Romjulspuben hadde om lag 70 gjester, veldig gjildt. På Åresalpuben 28. oktober spela Svenssen, og lokalet var fullt. Kom du etter halv ni var det få stolar eller benker ledige. At Lodve Haugland klupte heile grasmatta med skuekluppar frå tidleg føremiddag til festen var i gang, trekte nok også litt ekstra folk. TV2-sport og Jærbladet dekkja eventen, og det blei laga ein film frå det heile av Are Line.


På juleturnavslutninga for turnen 1. sundag i advent, var det om lag 500 personer i hallen. Fleire av ungane som turner kjem frå Bryne, Kåsen, Nærbø og Orre for å nemna nokon. Jillt at alle tre jærkommunane er representerte i turnen på Hognestad.

Ein stor takk må igjen rettast til alle som har gått dognad for idrettslaget. I løpet av Jærdagshelga er det mange som stiller opp og går sine vakter. Me er inne med vakter på traktorpullinga og me har ein dognad for Volvo på deira treff ein sundag i april på parkeringsplassen til M44. I 2017 blei det også ekstra dognadsarbeid grunna ferdigstilling av huset.

Mange timar er lagt ned for at ungane som går på turn og fotball skal få trene, kjenna seg medrekna å bli sett. Styret vil retta ei stor takk til alle trenarar, medlemmar i dei ulike utvala og foreldre og barn som vel Hognestad som sitt idrettslag. Som avslutning og takk til dei med frivillige verv i klubben og trenarar/oppmenn var det middag på Bryne Kro Hotell. Takk til Kroa, som serverer god mat, og i tillegg tek litt av rekninga.

Til slutt takkar me annonsørar, sponsorar og alle andre som på ein eller annan måte har støtta opp om idrettslaget vårt. Me håpar på eit godt samarbeid vidare og oppmodar alle medlemmane våre til å kjøpa varer og tenester som dei kan tilby. Takk for i år!

-Styret-




Zofia Nedrebø

John Sægrov Holm



Jan Arild Herredsvela

Leder




Beathe G. Hognestad

Nestleder



Hege H. Byberg

Kasserer



Anita S. Undheim

Sekretær



Håkon Losvik

Turn



Jim Helge Lomeland

Fotball

Styremedlem 1

Styremedlem 2

Turngruppa

<u>Parti</u>	<u>Antal</u>	<u>Trenarar</u>
Foreldre Barn	5	Rullerer blant foreldra.
3-4 år	24	Thea Steinsland, Lea Fosse, Vilde Jensen, Ellen Haugland og Solveig Risa
5-6 år	18	Mari Steinsland, Kaia Fosse, May Hege Lye, Janne Herredsvela og Lea Fosse
7-9 år	45	Kaia Fosse, Mari Steinsland, Eila Stivimoen, Thea Steinsland, Are Line og Olav Haugland
10 + gruppa	55	Henrik Samuelsen, Siv Grete Skårland, Jens Haugland og Hege H Byberg

Då er turnåret godt i gang, og vi hadde ein god oppstart med mange turnere på kvart parti. 7-9 års partiet er nok det partiet som stikker seg mest ut nå, med heile 45 gymnaster. Gildt at så mange barn og unge trivs i turnen på Hognestad.

Vi held på mange av dei gode unge trenarane våre, men det kjem samtidig og nokon nye. På bildet under kan du sjå dei fleste trenerane våre. Desse er vi veldig takknemlege for å ha her på Hognestad.



B.f.v: Are Line, Jens Haugland, Eila Stivimoen, Henrik Samuelsen, Siv Grete Skårland
F.f.v: Olav Haugland, Thea Steinsland, Lea Fosse, Ellen Haugland

Knapphus
Energi



VEKTEK Registrert Elektroinstallatør

Gartneri Hagesenter Landbruk Industri Private

Tlf.: 51 31 93 00
post@vektek.no

Fax: 51 31 93 33
www.vektek.no

Vakt tlf.: 906 56 940
Grødelandsv. 369a, 4343 Orre



F.v: May Hege Lye, Solveig Risa, Mari Steinsland, Kaia Fosse
(Janne Herredsvela og Vilde Jensen var dessverre ikkje tilstades)

Vi hadde ei flott juleoppvisning 1.søndag i advent, med tenning av julegran, nisse og flotte oppvisninger av store og små. Gildt å sjå alle som kjem og ser på år etter år.

Eg vil med dette ynskje alle eit godt nytt år, og vi gler oss til mange gilde treningar og turnarrangement som kjem.
Hege Haugland Byberg



Stor aktivitet under 7-9 års-treninga

RISA

Skaff deg større alburom

Vi hjelper deg med påbygg, tilbygg og renovering.

Ring **51 77 91 91** eller **934 35 285**,
og be oss ta hånd om hele prosessen.
Sjekk www.byggelaget.no



Byggelaget

Fotballgruppa

Gutar/jenter 5 år

Fotballtreninga for ungene fødte 2012 starta opp våren 2017 med treningar i ballbingen. Når hausten og kjølen sette inn trekte me inn i hallen. Fokus for dette laget har vore på speleforståing, ballferdigheiter, og å ha det kjekt på banen. I praksis har dette gått ut på å læra spelarane kva mål ein skal skyta på, og at det er ballen og ikkje kjeplene me skal skyta.

Laget har delteke på Valahaug-cup i Randaberg og gjorde ein god figur der. Me er i skrivande stund 6 spelarar, 5 gutar og ei jente.

Jim Helge og Magne

Gutar/jenter 6 og 7 år

6 og 7 års laget har hatt eit gildt fotballår og ungene har hatt ei fin og positiv utvikling. Me har hatt eit godt samarbeid og har trent i lag heile sesongen. Me har hatt gode og varierte stasjonar på treningane med basisøvingar. Å vera i lag fleire ungar og vaksne er veldig positivt både det sosiale miljøet og at me kan følgje opp kvar spelar betre. Eit av høgdepunkta denne sesongen var opninga av det nye flotte klubbhuset og alt det kjekke og sosiale det har medført. Handling i kiosken og gilde aktiviteter før og etter kamp ☺



B.f.v: Iva, Oliver, Beate, Mathea, Jonas, Snorre, Torkel
F.f.v: Lea, Ruth Sofie, Erling, Charlotte, Hannah, Tale, Tiril
Ikkje tilstades: Ivar Johannes, Tobias

Me har delteke på fleire turneringar, først ut var Tec Con cup på Randaberg. Det var ei kjekke innandørsturnering. Elles har me delteke på Grønt Gras og Team Bygg Cup, Kiwiknotten og Lucky Bowl turneringa i Egersund. I Egersund hadde me eit blanda jentelag og eit blanda guttelag. Det var ein kjempekjette dag både for store og små i strålende ver. Både vaksne og ungar kosa seg. Jentene var ekstra heldige og vann gratis bowling for heile laget, stas!

I tillegg til mange kjekke turneringar har 7 åringane spelt seriekampar onsdagar mot lokale lag. Det var ekstra stas då me vann over Bryne på bortebane i vår! Heia Hognest ☺

Takk for kjempebra innsats og mykje fotballglede i 2017!

Ann Iren Nordås Steinsland

Guter 8

Vi starta med treningar i månadsskifte januar/februar og med kampstart på Grønt gras på våren.

Vi har deltatt i serien og totalt 4 turneringer i løpet av sesongen.

Ungene har vist stor treningsvilje og innsats på kampar, det har vore stor framgang fra vi startet til vi var ferdige for sesongen.

John Sægrov Holm og Henning Salte har vore trenere, men har nå overlatt laget i hendene til Cathrine Sægrov Holm og Helene Hognestad

Me gler oss til fortsettelsen.

Geir Magne Hustavnes



Frå venstre: Herman, Sindre, Edvin, Gustav, Kristoffer, Theodor, Tomas

Jenter 8 år

På Hognestad er det berre 3 jenter som er født i 2009, i 2017 hadde alle tre lyst til å spennast fotball – HURRA! Dei har trent fast i lag med dei seks jentene som er født i 2008.

Hognestad er den minste bygda i Time Kommune, difor har me ikkje alltid nok ungar i alle årskull til å stilla lag. I forkant av kvar sesong vert det oftast eit lite puslespel viss me skal sørgja for «flest mogleg lengst mogleg». Det er viktig å leggja til rette slik at kvar enkelt unge får mest mogleg speltid, då gler dei seg over fotballen og får i tillegg ei god utvikling.

Med hjelp av 2 jenter født i 2008 på kvar kamp, og ei jente født i 2006, fekk 2009 jentene stilla med eige lag for fyrste gong denne sesongen. Tone har vore lagleiar i 2017, medan Håvard, Geir & Lyder har gjennomført treningane. Jentene har spelt mange fotballkampar og utvikla seg godt. Dei har delteke på 4 turneringar: Grønt Gras på Frøyland, Team Bygg på Rosseland, Kiwi-knotten på Bryne og Lucky Bowl Cup i Egersund.

Sesongen vert avslutta i desember i lag med 2008-jentene på Steinsland. Takk for ein gild sesong, og lukke til med 2018 sesongen.

Lyder Braut, Geir Fosse, Håvard Braut & Tone Steinsland

Jenter 9 år

Dei seks jentene som er født i 2008 har i 2017 unnagjort sin siste sesong med femmer-fotball. Norges Fotballforbund har nemleg endra reglane slik at frå 2018 skal alle som fyller 10 år spela sjuar-fotball – spennande!

Jentene på dette laget, og foreldra deira skal ha honnør for godt oppmøte både på trening og kamp. Motivasjonen kan svinga gjennom ein heil sesong, då er det ofte dei rette orda frå foreldra som gjer at jentene «krummar nakken» og stiller sjølv om noko anna enn trening freistar ein ettermiddag. Å oppretthalda fotballaga på ein liten plass som Hognestad krev litt ekstra vilje frå alle, denne viljen finst heldigvis i stort monn på 2008-kullet.

Jentene heldt eit godt nivå og vann mange av kampane. I 2017 har dei delteke på 4 turneringar: Grønt Gras på Frøyland, Team Bygg på Rosseland, Kiwi-cup på Bryne og Lucky Bowl Cup i Egersund. Dei gler seg til fyrste overnattingsturnering i 2018.

Gjennom heile sesongen har jentene trena i lag med jentene som er født i 2009, dette har fungert fint. I tillegg har dei rullert og bidrege slik at J 8 har hatt moglegheit å stilla eige jentelag. Det har difor vorte mykje speletid og mange kampar på desse jentene gjennom heile sesongen. Me ser mykje speleglede, vilje og tæl i desse jentene.

Håvard & Geir har vore trenarar og lagleiarar i 2017 sesongen, i tillegg har Lyder hatt ekstratrening med dei på fredagane. Tusen takk for innsatsen alle tre. Sesongen vert avslutta i desember med kveldsmat etter trening, kakebaking og bingo på Steinsland.

Takk for ein gild sesong, me gler oss alle til 2018!
Lyder Braut, Geir Fosse, Håvard Braut & Tone Steinsland

Jærbladet

Nils Oma
maskin ☎ 951 40 764



Kverneland Bil

Vi tar ansvar!

BRYNE

Gutar/Jenter 10 år

Har vore eit storarta år. Sit at med ei kjensle av at sola alltid skein og måla var mange. Ungane klarte å skapa umåteleg spanande kampar for tilskodarar, lagleiar og oppmann. Det var meir sigrar og uavgjorte kampar- enn tap. Sjølv sagt veit me at me ikkje skal telja mål- og at det viktigaste er å delta. Men; Alle kan telje...

Sjølv sagt har det vore tyngre kampdagar med lange bilturar, regn, motvind og mange mål frå motstandarane. Kampar då nokre av spelarane heller ville stå på sidelinja under (bak) ein paraply, og målmannen helst ville at farmor skulle henta fotballen. Desse dagane har nærmaste kiosk redda oss.

Høgdepunktet for våren må vera Agder-cup i Flekkefjord. Takk til fam Ødegård som ville ha gjen- gen på overnatting i hytta. Elles har me vore med på turneringane: Grønt gras, Team bygg og Lucky bowl. Mykje godt spel der og.

Treningane har dei hatt i lag med 11 åringane. Glenn Rugland og Simen Haugland var trenarane. Takk for all den tida det har brukt på ungene våre.

For å ha nok spelarar til kampane har me hatt med oss 2 11 åringar på kvar kamp. Takk også til desse.

Me ville ha tidenes avslutning av fotballeseongen. Reiste difor på Go-cart køyring og Mc Donald i Stavanger. Då var det god og høglytt stemning heile kvelden. Hadde også ei veldig kjekk avslutning i lag med 11 åringane med digital fotball og pizza.

Takk for «lage»

Eirik Hinnaland og Brynhild Stokka Andersen



Frå venstre: Vegard, Johannes, Erik, Leah, Eli



- Din lokale oljeforhandler for Jæren - 4362 Vigrestad

Vi har tanker på lager klare for levering. Vi selger også brukte tanker

For mer info besøk vår nettside www.jaerenolje.no eller tlf. 982 00 000

Gutar 11

Sesongen 2017 har vi hatt både oppturer og nedturer. Spillerne har fått en fin utvikling og er ivrige på kamp. Sesongkampene var litt tunge før sommeren men det tok seg opp etter ferien og vi fikk spilt flere jevne kamper siste halvdel av sesongen. Vi trente fast to ganger i uka pluss kamp denne sesongen.

Første turnering for året var kleppcup i mars, deretter spilte vi Agdercup i Flekkefjord, Teambygg cup på Rosseland og Kiwiknotten på Bryne. Høydepunktet for spillerne var nok uten tvil Agdercup hvor vi fikk bo i feriehus i nærheten av Flekkefjord med avreise lørdag morgen og rett til kamper etter fulgt av fiske, bading, grilling, litt kamp på tv og mye annet gøy. Tilbakemelding fra foreldre var «mange gode kommentarer og mange blide fjes». I alle turneringene denne sesongen hadde spillerne godt pågangsmot og spilte veldig jevne gode kamper.

Vi benytter gjerne anledningen til å takke Glenn Rugland og Simen Haugland som har stått for mandagstreningene og kamper. Og Kristian Liland Hognestad som har tatt ansvar for fredagstreningene, vi er veldig takknemlige for trener jobben de har gjort med denne gjengen.

-Me æ Hognest

Inger Marie Stensland



Bak fra venstre: Marius Mauland, Johan Haugland, Oddvar Haugland
Midten fra venstre: Thomas Skogmo Hegdal, Henrik Vigre, Kristoffer Friestad, Ida Hognestad Liland, Gard Ødegård, Magnar Time
Framme: Markus Stensland
Mangler på bilde: Andreas Time og Eigil Hognestad



Klepp Kiropraktikk
& Fysioterapi

- Kiropraktor Terje Nesse
 - Fysioterapeut Ørjan Lie
- Telefon: 51 42 14 50

Hognestad A-lag 2017



Framme frå venstre: Sindre Håland, Simen Haugland, Bernt A. Taksdal, Tan Surasak, Magnar Varhaug, Fredrik Byberg
Midten frå venstre: Kristoffer Kvia, Martines R. Vik, Morten R. Aase, Ole Andreas Bekkeheien, Frode Byberg, Glenn Rugland, Jens Haugland
Bak frå venstre: Jo Inge Steinsland, Tormod Nedrebø, Dominic Pritchard, Roar Rosland, Morten Reve, Roger Haugland.

2017 går inn i historien som eit av dei gode åra. Mange folk på treningane, mange mål og mange seirar førte til at sesongen blei krona med opprykk til 6. divisjon ved årslutt. Ikkje heilt uten dramatik. Ikkje alt som er like lett å forstå. Men tålmodighet førte fram. Gratulerer til alle involverte. Dette året har undertekna leda laget saman med Hadle Haugland og med Kåre Hognestad som oppmann. Hadle gjer seg etter sesongen. Takk for innsatsen til han.

Me har gjennomført 71 treningar sidan oppstarten i desember 2016. Snittet på treningane har låge på ca. 16 stk, dette er veldig bra. Det er nok ein del av forklaringa til at me har gjort det veldig bra i kampane og. Me har spela 23 kampar og vunne 17 av dei. 85 mål har blitt skåra, og i år var Tormod Nedrebø toppskårer med 21 mål på 18 kampar. 12 gule kort og 1 rødt blei delt ut til våre spelarar. Desse 13 korta er fordelt på 9 spelarar. Til saman 29 stk. har spela kamp for Hognestad dette året.

Ambisjonane til gruppa er fastsett av gruppa sjølv. Det er opprykk som gjeld, og det klarte dei. Troppa til kampane vert teken ut etter antall oppmøte på treningane. Dette fungerer veldig bra, ingen klager for at dei ikkje har fått spela kamp. Er dei med i troppa til ein kamp, får dei spela minst 30 minutt i kampen. Dette er ein regel som me held fram med, og eg meiner det bør vera slik på Hognestad.

Sidan oppstarten for litt over 2 år sidan har me jobba med haldningane til våre spelarar, og trenarar. Me ynskjer å framstå som positive, humørfylte og vennlige. Både overfor kvarandre, dommarar, motspelarar og publikum. Dette arbeidet tek aldri slutt, men me får igjen for det. Tilbakemeldingar frå dommarar og motstandarar tyder på at me har luktast. Som leder av a-gruppa må eg og sei at det er ein veldig kjekk gjeng å vera i lag med.

Laget hadde ei avslutning etter sesongen og der blei det delt ut fleire utmerkelser. Blant dei viktigaste:

Utmerking	Vinnar	Grunngjeving
Årets innsatsdiplom	Tan Surasak	høgt treningsoppmøte, positiv, alltid blid og nøgd, og «gjer alt»
Årets unge spelar	Heine Haugland	i ferd med å verta vaksen
Årets spelar valgt av trenarteamet	Eivind Haugland	bauta i forsvaret
Årets spelar valgt av spelarane	Stian Emil Pettersen	ein lærar, både av yrke og i fritida.

I 2018 skal me spela mot fleire av våre nærmaste naboar, som Lye, Onnai å di Poddlest. Dette gler me oss veldig til . Ynskjer alle velkommen til kampar i 2018.

Lodve 1.
Trenar



Damefotballen 2017

1,5 timar med effektiv fotballtrening er fortsatt den aller beste starten på ei ny veke for ei gruppe på ca. 20 damer som møtes i Hognestadhallen måndager 19.30 til 21.00. Reglane er dei same som før, alle må vera aktiv medlem i Hognestad IL (650kr per år), og alle må melda seg på til kvar trening via ei lukka gruppe på Facebook.

Me gler oss til å kvitta oss med meir sveitte, og til å sankta meir fotballglede i 2018. Vel møtt til eit godt nytt fotballår!

Tone Steinsland



Frå venstre: Guro Friestad, Cathrine Sægrov Holm, Inger Marie Stensland, May Hilde Hansen, Karen Hognestad Liland, Bente Hinnaland, Aina Haugland, Therese Aabel. Bak kamera: Tone Steinsland

Innebandy

Det har gjennom 2017 vore ein stabil gjeng som har samla seg kvar torsdag kveld frå 20-21.30 for å kunne møta det stadig aukande kravet til uthald og styrke, lite skader er det også å melde, litt ein må rekne med når alderen bikker 21 og det ikkje finnes begrensningar i fart og mobilitet.

Det er framleis nokon som ikkje kjenner si besøkelsestid og hangler inn ein gong i blant, dette viser seg spesielt i rekka av bønder som kun er i bevegelse utanom hausting/lemming og andre stillesittande aktivitetar som i dag fyller bondens dagar.

Vi har og hatt litt nytt blod som har fått mulighet til å røyne seg litt med ein haug toptrente spelarar (som i 2017 heller ikkje hadde noko nevneverdige problem med sjølvbildet og eigenmotivasjon).

Jan Arvid Herredsvela



HÅLAND SØR, 4340 BRYNE
Tlf.: 51 77 01 50



HÅLAND VEST • POSTBOKS 293 • 4349 BRYNE

Telefon: 51 77 95 50

Idrettsmerket

Idrettsmerket blei arrangert på stadion 3 gonger per år sommarstid. 5 deltok. Les meir om idrettsmerket på www.idrettsforbundet.no/tema/idrettsmerket

Marsjgruppa

Marsjgruppa arrangerte ikkje seriemarsjar i 2017. Lykkemarsjen blei arrangert 13. august med registrering og kafé i Hognestad Klubbhus. Marsjen hadde heile 114 deltakar og god oppslutning frå Hognestadkrinsen. Kaffitruktarane og vaffeljerna gjekk varme, og mange fekk ein gjev medalje. Marsjarane fann tonen også i kafèen, og ingen hadde det travelt med å gå heim. Det er bare å merke seg dato for Lykkemarsjen 2018; søndag 12. august. Start frå kl. 9.00-11.30.

Takk til alle som er med og hjelper.
Marsjgruppa ved Geir Steinsland



Banekomiteen

2017 var det fyrste året Hognestad skulle driva banen sjølv. Me starta tidlig med å legge ned kablar og kjøpe inn robotklypparar, slik dei var klar i god tid før sesongstart. Etter ein heil sesong med robotklypparar, er me sånn passe nøgd. Dei gjer jobben, men må sjekkes dagleg. Klypparane har og slitt litt når det har vore stor vekst i banen.

Det blei og kjøpt inn merkevogn til banen, og Ivar K. Hognestad hjalp oss med opplæring på merking av bane. Det har blitt merka til alle heimekampane til A-laget og Hognestdagen. Takk til Glenn Rugland og Simen Haugland som har hjulpet til med dette.

Hus til robotklypparane har blitt påbegynt. I tillegg har me hatt ein dugnad med å reinske rundt banen. Gjødsling, sand og lufting har me fått levert frå dei som kan det; så takk til Ivar for all hjelp, ein traktorklyppar og gode råd

Dersom nokon har lyst å vera med i ein banekomité. Så er de veldig velkomne. Ta kontakt med nokon i styret.

Kåre Hognestad



STEINSLAND & CO

Klubbhuset til Hognestad Idrettslag

Dei faste leigetakarane av forsamlingshuset, Vibå 4H, Marsjen og Leiken, held fram sin aktivitet på Klubbhuset, det er me veldig glade for. Huset har vore i bruk opptil fleire gonger kvar veke i frå opninga 22. april 2017. Garderobeanlegget og kiosken i nedste etasje er særst i bruk på sommarhalvåret då det er aldersbestemte fotballkamper og A-lagskamper på grasmatta. Den øvste etasjen med kjøkken, sal og toalett har husa gode stunder som blant anna ulike type dans, åremål, konfirmasjonar, barnedåp, bryllupsfest, avslutningar, styremøter, gruppemøter, skulearrangement, Grand Prix-fest, A-lagsfest, basar og pub.

Kontaktperson for leige av huset har vore underteikna, og i 2018 er huset allereie reservert og leigd ut 35 gonger, blant anna til konfirmasjonar, åremål, årsmøte, medlemsmøter og anna. Idrettslaget har sett av om lag 25 datoar til styremøter, marsj, frukost, pubar, A-lagsfest, og årsmøte. Det er framleis god plass til meir aktivitet for bygda, og me stiller oss positive til alle som vil laga til arrangement som femner om alle i ei gruppe, eller til arrangement der inkludering og fellesskap er gjeldane.

Styret i idrettslaget/Beathe Gudmestad Hognestad



INTERSPORT®
BRYNE

Hognestad idrettslag har avtale med Intersport.
Alle medlemmer i klubben får derfor
25% AVSLAG PÅ KLUBBKLEDER, OG
10% AVSLAG PÅ ALLE ANDRE VARER.
Alt du trenger å gjøre er å gi beskjed i kassen når du handler.

Verv 2017

Leiar: Zofia Nedrebø
Nestleiar/Trim: John Sægrov Holm
Kasserar: Jan Arild Herredsvela
Sekretær: Beathe Gudmestad Hognestad
Turn: Hege Haugland Byberg
Fotball: Anita Salte Undheim
Styremedlem 1: Håkon Rettedal Losvik
Styremedlem 2: Jim Helge Lomeland
Varamedlem: Håvard Braut

Bladstyret:

Tom Hetland
Øyvind Nordsletten
Torbjørn Jess
Lodve Haugland

Revisor:

Irene Grødem
Ola Haugland

Banekomite:

HIL

Marsjgruppa:

Geir Fosse
Heidi Line
Geir Steinsland
Sonja Skårland

Materialforvaltar:

Elin Haugland

Ansvarleg for bua:

Dugnad

Sponsoransvarleg:

Kjetil Friestad

HIL sin representant i 17. maikomiteen:

Håvard Braut

Valkomiteen:

Jon Line
Kathrine Haugland
Tone Steinsland



FATLAND JÆREN AS



Aase Landbruk a.s



Fiskå Mølle



BRYNE KRO & HOTELL

Regnskapet er revidert og funnet i orden 19.02.2017

- Avskrivning over
 - Klubbhus 50år 84358 pr år
 - Garderober 20 år 166435 pr år
 - inventar 20 år 4459 pr år

Irene Time Grødem

Irene Time Grødem

Ola Haugland

Ola Haugland



HAUGLAND
GARDSBARNEHAGE

KNUST ELLER PUNKTERT RUTE?

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

ek Einar
Knutsen as

GLASSMESTEREN PÅ JÆREN

TLF. 51 48 02 11 • DØGNSERVICE 971 78

M & A
TJEMSLAND



Sandnes &
Jærbetong

FARSTAD
catering

**Block
Berge**

VI TAR ANSVAR

Nr.	Kontonavn	Hittil i år Beløp	Hittil i fjor Beløp
	Salgs- og driftsinntekt		
3000	Salgsinntekt (inkl.pub), høg sats	246 022	353 108
3010	Salgsinnt. div reklame, høg sats	265 600	238 200
3020	Dugnadsinntekter, avgiftspliktig	52 537	40 282
3060	Uttak av varer, avgiftspliktig, høy sats		1 589
3063	Uttak av varer, avgiftspliktig (mat)	14 320	41 403
	Salgsinntekt, avgiftspliktig	578 478	674 582
3200	Busalg, u/avg. omr.	78 885	22 007
3210	Inntekt egne arr., u/avg.omr.	7 950	
	Salgsinntekt handelsvarer, u/avg.omr.	86 835	22 007
3400	Tilskudd NIF m.m.	146 762	187 263
3440	Div tilskot/grasrotandel	24 241	29 689
3441	Andre tilskudd, gaver	62 507	48 260
	Offentlig tilskudd/refusjon	233 510	265 212
3600	Leieinntekt (avg.pl.)	58 200	24 154
	Leieinntekt	58 200	24 154
3920	Medl kont Foreldre - barn		400
3921	Medl kont Barn	88 500	68 500
3922	Medl kont Voksen	37 650	26 000
3923	Medl kont Støttemedl	33 300	33 286
3972	Inntekt idr. o.l. arr. (u.avg.omr)	5 625	63 330
	Annen driftsrelatert inntekt	165 075	191 516
	Sum Salgs- og driftsinntekt	1 122 098	1 177 472
	Varekostnad		
4000	Innkjøp av varer, høg sats	71 441	115 587
4030	Innkjøp varer. (mat) red.sats.	46 635	82 865
4040	Innkjøp råvarer og halvfabr., avg.fri	749	3 552
	Forbruk av råvarer og innkj. halvfabr.	118 825	202 005
4100	Varer uttatt til kiosk (u.avg.omr)	14 751	18 953
	Forbruk av varer under tilvirkning	14 751	18 953
4500	Fremmedyt. ikke idr. m mva	975	22 864
4540	Fremmedyt. ikke idr. u mva	28 300	49 734
4550	Fremmedytelse idr.o.l.arr.	1 500	8 049
	Fremmedytelse og underentreprise	30 775	80 647
	Sum Varekostnad	164 351	301 605
	Lønnskostnad		
5010	Lønn musikere o.l. ikke idr.	17 000	21 600
5020	Lønn trenere/vaskehjelp	129 036	125 095
	Lønn til ansatte	146 036	146 695
	Sum Lønnskostnad	146 036	146 695
	Driftskostn. og av- og nedskrivninger		
6000	Avskrivning på bygning/annen fast eiend.	255 252	
	Avskrivninger	255 252	
6200	Elektrisitet	82 726	20 257
	Energi, brensel og vann vedr. prod.	82 726	20 257
6320	Renovasjon, vann, avløp o l	3 187	5 805
6360	Renhold	8 648	561
6390	Div kostnad lokaler	4 155	
	Kostnad lokaler	15 991	6 366

Nr.	Kontonavn	Hittil i år Beløp	Hittil i fjor Beløp
6410	Leie inventar	300	
	Leie maskiner, inventar o.l	300	
6540	Inventar	23 407	
6550	Idrettsutstyr m reklame avg.pl.	25 846	51 301
6559	Anna idr.matr u avg omr	12 448	6 680
6560	Rekvisita	8 093	
	Verktøy, inventar ,mv som ikke aktiveres	69 793	57 981
6600	Reparasjon og vedlikehold bygninger	8 535	12 500
6601	Vedlikehold av Fotballbane	104 458	
6620	Reparasjon og vedlikehold utstyr	2 727	60 241
	Reparasjon og vedlikehold	115 719	72 740
6700	Revisjons og regnskapshonorar	40 371	44 324
6726	Honorar for jur. bistand	2 500	
	Fremmed tjeneste	42 871	44 324
6800	Kontorrekvisita	8 012	993
6810	Data/EDB kostnad	25 201	6 251
6820	Trykksak m reklame	12 952	3 638
6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o l	17 815	13 405
6860	Møte, kurs, oppdatering o l	3 200	13 059
6890	Annen kontorkostnad		477
	Kontorrekvisita, trykksaker o.l	67 180	37 822
6940	Porto	2 299	
	Telefon, port o l	2 299	
	Sum Driftskostn. og av- og nedskrivninger	652 130	239 491
	Annen driftskostnad		
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	5 622	7 428
	Kostn. og godtgj. reise, diett, bil o.l	5 622	7 428
7320	Reklame/annonser	2 415	525
7321	Reklameannonser	10 000	
7350	Servering, representasjon o.l.	32 120	11 091
	Salgs-, reklame- og repr.kostnad	44 535	11 616
7400	Trenerlisenser	7 200	4 000
7405	Dommerkostn (Reise, honorar)	11 686	6 157
7410	Kontingenter	12 380	26 960
7411	Påmeldingsavgift	53 810	44 090
7420	Gaver, prem. blomst.(idr.)	7 283	5 013
	Kontingent og gave	92 359	86 220
7500	Forsikringspremie	64 900	39 173
	Forsikringer, garanti- og servicekostnad	64 900	39 173
7730	Idrettsutstyr o.l.	978	
7740	Overgangsgebyrer	4 199	12 000
7770	Bank og kortgebyr	2 138	10 380
7790	Annen kostnad	39 239	8 133
7791	Div. utg. egne arrangement	554	32 892
	Annen kostnad	47 108	63 405
7830	Tap på fordringer	1 800	
7839	Endring i avsetning for forventet tap		4 500-
	Tap o l	1 800	4 500-
	Sum Annen driftskostnad	256 324	203 342

Dato til:

Regnskapsår 2017

Periode 01 - 01

Enkel resultatrapport

for

HOGNESTAD IDRETTSKLAG

Side: 3

Nr.	Kontonavn	Hittil i år Beløp	Hittil i fjor Beløp
	Driftsresultat	96 743-	286 338
8040	Renteinntekt	1 381	9 707
	Finansinntekt	1 381	9 707
8151	Rentekostnad banklån	206 266	38 324
8155	Rentekostnad leverandørgjeld	630	693
	Finanskostnad	206 895	39 017
	Årsresultat	302 258-	257 029

Dato fra-til:

Balanse

Regnskapsår: 2017

for

Periode: 01 - 01

HOGNESTAD IDRETTSKLAG

Side: 1

Nr.	Kontonavn	Denne periode		Budsjett	Hittil		Budsjett
		Regnskap i år	Regnskap i fjor		Regnskap i år	Regnskap i fjor	
EIENDELER							
1100	Gardrober	3 162 268,70			3 162 268,70		
1101	Klubbhus	4 150 401,15			4 150 401,15		
1130	Anlegg under utførelse	0,00	4 139 270,94		0,00	4 139 270,94	
	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	7 312 669,85	4 139 270,94	0	7 312 669,85	4 139 270,94	0
1250	Inventar	85 607,80			85 607,80		
	Transportmidler, inventar, maskiner o l	85 607,80	0,00	0	85 607,80	0,00	0
	Anleggsmidler	7 398 277,65	4 139 270,94	0	7 398 277,65	4 139 270,94	0
1500	Kundefordringer	110 762,00	63 172,00		110 762,00	63 172,00	
1570	Kortsiktige fordringer medlemmer	599,00	0,00		599,00	0,00	
1580	Avsetning tap på fordringer	20 000,00	0,00		20 000,00	0,00	
	Fordringer	131 361,00	63 172,00	0	131 361,00	63 172,00	0
1900	Kontanter	0,00	0,00		0,00	0,00	
1902	Medlem kontigent	0,00			0,00		
1903	Vipps	9 579,14			9 579,14		
1920	3325.20.70368 JærSb Forenkto	214 019,40	252 428,56		214 019,40	252 428,56	
1921	3325.50.15783 JærSb Sparekto	1 232,55	272 215,02		1 232,55	272 215,02	
1922	3325.40.02157 JærSb Medlkonting	92,17	11 091,24		92,17	11 091,24	
1923	3290.56.67903 JærSb Telt/pub	33 811,39	189 487,09		33 811,39	189 487,09	
1950	Bankinnskudd for skattetrekk	13 503,38	597,38		13 503,38	597,38	
	Bankinnskudd, kontanter o.l	272 238,03	725 819,29	0	272 238,03	725 819,29	0
	Omløpsmidler	403 599,03	788 991,29	0	403 599,03	788 991,29	0
	Eiendeler	7 801 876,68	4 928 262,23	0	7 801 876,68	4 928 262,23	0
EGENKAPITAL OG GJELD							
2050	Annen egenkapital	1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr		1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr	
	Opptjent egenkapital	1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr	0	1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr	0
2099	Udisponert resultat	416 437,21 cr	416 437,21 cr		416 437,21 cr	416 437,21 cr	
	<i>Udisponert resultat (Ikke bokført)</i>	302 257,53	0,00		302 257,53	0,00	
	Sum udisponert resultat	114 179,68 cr	416 437,21 cr	0	114 179,68 cr	416 437,21 cr	0
	Total egenkapital	1 716 114,17 cr	2 018 371,70 cr	0	1 716 114,17 cr	2 018 371,70 cr	0
2240	Pantelån	7 000 123,64 cr			7 000 123,64 cr		
	Annen langsiktig gjeld	7 000 123,64 cr	0,00	0	7 000 123,64 cr	0,00	0
	Langsiktig gjeld	7 000 123,64 cr	0,00	0	7 000 123,64 cr	0,00	0
2360	Byggelån 3290.57.27337	0,02 cr	2 775 051,11 cr		0,02 cr	2 775 051,11 cr	
	Kortsiktig konv. lån, sertifikatlån	0,02 cr	2 775 051,11 cr	0	0,02 cr	2 775 051,11 cr	0
2400	Leverandørgjeld	14 033,67 cr	7 094,02 cr		14 033,67 cr	7 094,02 cr	
	Leverandørgjeld	14 033,67 cr	7 094,02 cr	0	14 033,67 cr	7 094,02 cr	0
2540	Forhåndsskatt	0,00			0,00		

Dato fra-til: -

Balanse

Regnskapsår: 2017

for

Periode: 01 - 01

HOGNESTAD IDRETTSKLAG

Side: 2

Nr.	Kontonavn	Denne periode			Hittil		
		Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett	Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett
	Betalbar skatt	0,00	0,00	0	0,00	0,00	0
2600	Forskuddstrekk	3 235,00	844,00 cr		3 235,00	844,00 cr	
	Skattetrekk og andre trekk	3 235,00	844,00 cr	0	3 235,00	844,00 cr	0
2701	Utgående merverdiavgift, høy sats	151 481,40 cr	0,00		151 481,40 cr	0,00	
2703	Utg. mva, redusert sats mat	2 148,01 cr	0,00		2 148,01 cr	0,00	
2711	Inngående merverdiavgift, høy sats	1 077 053,47	0,00		1 077 053,47	0,00	
2713	Inng. mva, redusert sats mat	6 976,88	0,00		6 976,88	0,00	
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	0,40 cr	98 881,40 cr		0,40 cr	98 881,40 cr	
	Offentlige avgifter	930 400,54	98 881,40 cr	0	930 400,54	98 881,40 cr	0
2910	Kontant utlegg	4 344,94			4 344,94		
2911	Gjeld til ansatte	0,00			0,00		
2930	Skyldig lønn	780,00 cr			780,00 cr		
2960	Påløpt kostnad og forskuddsbet. inntekt	0,00	28 020,00 cr		0,00	28 020,00 cr	
2961	Annen påløpt kostnad	16 000,00 cr			16 000,00 cr		
2990	Annen kortsiktig gjeld	0,00			0,00		
2991	Obs-konto. Opplysninger mangler!!	7 194,34			7 194,34		
	Annen kortsiktig gjeld	5 240,72 cr	28 020,00 cr	0	5 240,72 cr	28 020,00 cr	0
	Kortsiktig gjeld	914 361,13	2 909 890,53 cr	0	914 361,13	2 909 890,53 cr	0
	Total gjeld	6 085 762,51 cr	2 909 890,53 cr	0	6 085 762,51 cr	2 909 890,53 cr	0
	Egenkapital og gjeld	7 801 876,68 cr	4 928 262,23 cr	0	7 801 876,68 cr	4 928 262,23 cr	0

Innkomne saker

Ingen

Kontingent

I dag er kontingenten 400 kr for Foreldre/barn (Her blir barnet rekna som medlem), Barn under 18 år 500kr, Vaksne 650 kr og Støttemedlem 300 kr.

Forslag til årsmøtet om å heva kontingenten for barn under 18 år til 550 kr og aktiv vaksen til 700. Støttemedlem held fram med 300 kr og Foreldre og barn held fram med 400 kr. Styremedlemmer og ulønna trenerer betaler 200 kr i kontingent, mot 0 frå før. Lønna trenerer betaler aktiv kontingent for si aldersgruppe og får refundert dette.

Budsjett (vedlegg)

Organisasjonsplan (vedlegg)

Val (vedlegg)



BoligPartner 



Veterinærane Risa

Innringing før kl. 9.00. Tlf. 51 48 43 75

Jan Risa	mob. 48118311
Svein Ove	mob. 90022391
Jarl	mob. 97163531

SKRUDLAND FRISØR

FØR HAN OG HENNE

TLF. 51 48 28 58

Åpningstider:

tirsdag 10.00 - 19.00 torsdag fredag 10.00 - 16.00

lørdag 09.00 - 13.00

mandag og onsdag stengt



FJØSSYSTEMER

VEST AS
Bjørhang, 4365 Nærbo
Tlf. 51 43 39 60 Fax. 51 43 48 66
www.fjossystemer.no

ÅRSMØTE 2017

Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad forsamlingshus
Måndag 6. mars kl. 20.00

Dei som møtte:

20 stk møtte

Sakliste:

1. Godkjenning av dei med røysterett. Godkjent.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar. Godkjent.
3. Val av.
 - a) møteleiar. Zofia
 - b) referent. Karen
 - c) to representantar til å skrive under møteprotokollen. Jon Line og Sveinung Paulsen.
4. Årsmelding. Karen las opp rapport frå styret.
5. Rekneskap. Jan Arild går gjennom regnskapet.
6. Innkomne saker:
 - Ingen innkomne saker
7. Kontingent. Godkjent.
8. Budsjett. Zofia går gjennom budsjett for 2017.
9. Organisasjonsplan. Godkjent.
10. Val

Utdeling av blomar, diverse.

Me vil ut over dette minna om NIF si lov ved val/oppnemning sjå
www.idrett.no/tema/lover.

Med venleg helsing

Styret



REMA 1000

Håland 8-22 (9-20)



klara & villbassen

www.villbassen.no

Syhjelpa

Astri Haaland, Herigstadvegen 82, 4346 Bryne.

Opningstid: tysdag - fredag kl 10.00 - 15.00

Anna tid etter avtale. Mobil 909 40 267

JTR
GRUPPEN



Tannlegene
MNTR

**ODDVAR BRAUT
KNUT MAULAND
KRISTINA HESKJE**



IDESTOVA



TIMEELEKTRO AS

når resultatet er viktig

INTERSPORT

Naboen

utleieforretningen

Pro Stein
STEINLØING 99 11 50 73




Nærbo Rør og Elektra

- det naturlige førstevalget

JKE Transport

JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORT AS

Skjærpevegen 3 • 4342 Undheim

 **Asfalt Remix AS**



AARBAKKE 



Tlf 90 17 06 20



STENSLAND & BYBERG

Elektrofag Jæren

Autorisert elektroentreprenør

En god kontakt på Jæren

Jærprint AS, Vardheiveien 60, 4340 Bryne

Tlf. 952 99 844 - trykkeri@jprint.no

Din lokale samarbeidspartner
på trykksaker og reklamemateriell



JÆRPRINT
TRYKK & DESIGN



Alt i graving
og transport
905 05 712
Lars Ohma

www.ohma.as E-mail: lars ohma.as



 **FOTLAND
MASKIN**
GRAVING OG LØING

Kåre Fotland

Øygaardsholen 3, 4342 Undheim

Tlf 51 48 42 15, Mobil: 907 98 003

Påbygg, reparasjoner, salg av materialer.




Kontakt




Byggmester
Leif Haugland

Tlf. 51 48 75 20 – Mob. 90 52 16 93

Rogaland Bildeler a/s


B



jæren
sparebank



REEVEIEN 13, BRYNE
PIZZABAKEREN

norsk
familieøkonomi